

KYRKJLEG FELLESNEMND FOR OS SOKNERÅD OG FUSA SOKNERÅD

HOVUDUTSKRIFT

År 2017, den 25. oktober, hadde kyrkjeleg fellesnemnd møte på Tunet i Os.

Møtet tok til kl.19.30 og var slutt kl.21.00.

Innkallinga var sendt representantane og vararepresentantane den 10. oktober 2017.

Desse møtte frå kyrkjeleg fellesnemnd:

Anne Turid Bjørnevik, Hans S Vindenes, Roald Samnøy, Marie Bruarøy (komm.repr.) og Magne Djuvik (komm.repr.).

Kristin Litlere (prost) møtte til sak 2017/003 og Arne Tveit kom til sak 2017/004.

Dessutan møtte: kyrkjeverje Gerhard Hansen og kyrkjeverje Harald Geir Sæther.

SAKSLISTE:

Saksnr.:	Sak	Tekst:	
2017/001	VAL AV LEIAR I FELLESNEMNDA		002.39
2017/002	VAL AV NESTLEIAR I FELLESNEMNDA		002.39
2017/003	VEDTAK OM SAMANSETTING AV PARTSSAMANSATT UTVAL		002.33
2017/004	BUDSJETT 2017-2019		112
2017/005	PROSJEKTLEIING		011
2017/006	FØRING AV REKNESKAPEN FOR FELLESNEMNDA		130
2017/007	VIKTIGE OPPGÅVER Å TA TAK I PÅ KORT OG LANG SIKT FOR FELLESNEMNDA		022
2017/008	MØTEPLAN FOR KYRKJELEG FELLESNEMND 2017-18		012.0

Rett utskrift,

Fusa kyrkjekontor, 5649 EIKELANDSØSEN
den 26. oktober 2017

Harald Geir Sæther
kyrkjeverje/sekretær

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 25.10.2017

Sak: VAL AV LEIAR FOR KYRKJELEG FELLESNEMND

Saksnr.: 2017/001

Ark.nr. 002.39

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd følgjande vedtak:

Hans S Vindenes vert vald som leiar for kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa sokneråd.

Anne Turid Bjørnevik gjorde følgjande framlegg om leiar for kyrkjeleg fellesnemnd:

Hans S Vindenes vert vald som leiar for kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa sokneråd.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Hans S Vindenes vart samrøystes vald som leiar for kyrkjeleg fellesnemnd.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

VAL AV LEIAR:

Kyrkjeleg fellesnemnd skal velje blant sine medlemmer leiar og nestleiar.

Inndelingslova seier ingenting om reglar for val av leiar og nestleiar, men viser til kommunelova sine bestemmelser for val (Inndelingslova § 26 om fellesnemnd). Ein reknar difor med at for kyrkjeleg fellesnemnd gjeld reglane fastsett av kyrkjemøte «om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet (§1).

Val av leiar vil vere skriftleg om nokon ber om det. Då tek ein utgangspunkt i same reglar som gjeld for sokneråd og fellestråd.

Det ligg ikkje føre framlegg til val av leiar.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 25.10.2017

Sak: VAL AV NESTLEIAR FOR KYRKJELEG FELLESNEMND

Saksnr.: 2017/002

Ark.nr. 002.39

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Arne Tveit vert vald som nestleiar for kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa sokneråd.

Anne Turid Bjørnevik gjorde følgjande framlegg om nestleiar til kyrkjeleg fellesnemnd:

Arne Tveit vert vald som nestleiar for kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa sokneråd.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Arne Tveit vart samrøystes vald som nestleiar for kyrkjeleg fellesnemnd.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

VAL AV NESTLEIAR:

Kyrkjeleg fellesnemnd skal velje blant sine medlemmer nestleiar på same vis som leiar.

Det ligg ikkje føre framlegg til val av nestleiar.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 25.10.2017

Sak:	VEDTAK OM SAMANSETTING AV PARTSSAMANSATT UTVAL
Saksnr.:	2017/003
Ark.nr.	002.33
Sakshandsamar:	HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd oppnemner eit partssamansatt utval med ein tilsettere representant og ein vararepresentant frå kvart sokneråd i tillegg til fellesnemnda.

Fellesframlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd oppnemner eit partssamansatt utval med ein tilsettere representant og ein vararepresentant frå kvart sokneråd i tillegg til fellesnemnda.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Fellesnemnda har frå Os og Fusa sokneråd fått fullmakt til å opprette eit felles, partssamansett utval for handsaming av saker som gjeld tilhøve mellom ny arbeidsgjevar og dei tilsette (jfr. kyrkelova §35).

Dei tilsette er bedne om å kome med innspel om det er ønskje om ein eller to tillitsvalde (tilsettere representantar). Det vert vist til drøftingane i felles soknerådsmøte mellom Os og Fusa sokneråd.

Her vil ein få tilbakemelding i fellesnemnda sitt møte korleis ein ser på det både i Os og Fusa.

Det ligg ikkje føre framlegg til vedtak.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 25.10.2017

Sak: BUDSJETT 2017-2019

Saksnr.: 2017/004

Ark.nr. 112

Sakshandsamar: GH

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Kyrkjeverjene i lag med leiar og nestleiar i kyrkjeleg fellesnemnd går gjennom budsjett-tala og tek saka opp i seinare møte.

Hans S Vindenes kom med følgjande framlegg til vedtak:

Kyrkjeverjene i lag med leiar og nestleiar i kyrkjeleg fellesnemnd går gjennom budsjett-tala og tek saka opp i seinare møte.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Hans S Vindenes sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

1. Taloppsett

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Fellesnemnda skal førebu organisasjon, regelverk/retningsliner, fullmakter og inngå avtaler på vegne av Bjørnefjorden kyrkjelege fellesråd. Vidare skal ein syte for at den nye organisasjonen kan vere operativ frå 1/12-2019 (startdato for kyrkjeleg fellestråd etter valet 2019).

Sjølv om den kyrkjelege organisasjon er liten sett i forhold til den kommunale, så er det i prinsippet dei same øvingar ein skal gjennom. Omfanget er sjølvsagt mindre da det både er færre tilsette og eit meir avgrensa saksfelt, men omveltinga og formalitetane for dei tilsette er likeverdige.

Eit av måla med kommunereforma er at det skal skapast betre tenester for innbyggjarane; dette målet er like aktuelt for kyrkjeleg verksemd, - inkludert gravferdsforvaltinga.

For kyrkja er det dei operative tenestene som er viktigast; møte med menneskar. Dette skjer ved gjennomføring av trosopplæringstiltak, diakonale tiltak, samtaler og sjelesorg,

undervisning og rettleiing av frivillige, gudstenester, og kyrkjelege handlingar for å nemne nokre sentrale døme.

Det vert derfor ei viktig oppgåve å forme organisasjon slik at praktiske og administrative oppgåver kan vere enkle, tydelege og trygge.

Som andre verksemdar har kyrkja hatt store effektiviseringsgevinstar ved bruk av IKT, men nye program og system, saman med høgare kompetanse hjå publikum til å nytte slike tenester, gjer at også kyrkja har eit potensiale til kostnadsgevinst som må avklårast og nyttast.

I Os har vi gode røymsler med samordna drift av kyrkjer, bygg og gravplassar og har ein kostnadseffektiv drift her. I Fusa er strukturen meir samansett: 10 gravplassar og 5 kyrkjer, - kombinert med store avstandar mellom dei ulike bygg/anlegg. Det vil vere eit viktig spørsmål å greie ut korleis drift av kyrkjer og gravplassar skal organiserast i Fusa sokn.

I arbeidet med budsjettoppsett har vi og henta inn opplysningar frå andre fellesråd som skal etablerast/slåast saman. Vi har ei sterk formeining om at våre anslag på dei ulike postane er nøkterne; - kanskje for nøkterne ?

Korte kommentarar til dei ulike budsjettsummane:

1. Lønnskostnad tilsvarande 50 % stilling med utgangspunkt i årsløn 600-tusen.
2. Det er lagt til grunn kr 1000,-/pr møte for folkevalde. Ingen ekstra godtgjersle til leiar.
3. Det er lite utbygd TV-ordning for tilsette, men nokre organisasjonar har ordning med område-TV; gjerne tilsett i andre fellesråd. Os/Fusa må dekke evt bruk av deira tid i prosessen.
4. Rund sum; ikkje konkretisert. Likevel viktig å ha eit lite rom for innhenting frå eksterne rådgjevarar.
5. Primært til dei interne møter for fellesnemnda, men og venteleg reiseutgifter for administrasjonen i prosessen.
6. Kursavgifter knytt til prosessen.
7. Det er rekna med kr 500/pr person til ulike sosiale tiltak/år.
8. Anslag på meirkostnad av administrative kostnader i prosessen.
9. Etter orienterande runde omkring prisar til tenlege IKT-system, er desse postane sett opp. Val av system, samordning av system frå Os og Fusa og tenlege løysingar innna telefoni utløyser nokre investeringar.

10. Effektiviseringsgevinst står og fell på god utnytting av IKT-system og kompetanse hjå brukarane.
11. Løpande informasjon til publikum i prosessen. Ein god informasjon vil skape tryggleik og unngå negative rykte/prosessar i perioden fram til samanslåing.
12. Framtida er digital for arkiv og sakshandsaming. Det skal etablerast arkiv for fellesrådet, kvart sokneråd og for prestetenesta. Fysiske papirarkiv skal samlast; noko skal avleverast riksarkivet, medan andre skal vidareførast i si form.
13. Beløp for heilt naudsynte vurderingar.
14. Meirkostnad med omlokalisering av nokre medarbeidarar.
15. Meirkostnad med å føre eige rekneskap for fellesnemnda.

Kyrkjeverjene legg fram taloppsett/saksutgreiing til drøfting utan framlegg til vedtak.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 25.10.2017

Sak: PROSJEKTLEIING

Saksnr.: 2017/005

Ark.nr. 011

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Os sokneråd må arbeide vidare med tanke på å lyse ut stilling som kyrkjeverje og/eller prosjektleiar i nært samarbeid med kyrkjeleg fellesnemnd.

Fellesframlegg til vedtak:

Os sokneråd må arbeide vidare med tanke på å lyse ut stilling som kyrkjeverje og/eller prosjektleiar i nært samarbeid med kyrkjeleg fellesnemnd.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Innleiing:

Fellesnemnda bør ha ei drøfting på korleis ein ser føre seg prosjektleiinga. Før ein gjer endeleg beslutning bør partssamansett utval få høve til å uttale seg. I denne saka bør difor fellesnemnda leggje ein del føringar på korleis prosjektleiinga skal vere. I rettleiaren for kyrkjeleg fellesråd og kommunesamanslåing som KA har utarbeidd står det i kap 5.6:

«

5.6 Prosjektleder

Prosjektlederen skal ivareta tilrettelegging og gjennomføring av sammenslåingen. Så lenge det nye fellesrådet ikke er registrert med organisasjonsnummer, må selve arbeidskontrakten tegnes med et av fellesrådene.

Prosjektlederens oppgave er å sørge for at prosessen skjer etter prosjektbeskrivelsen og rapporterer til kirkelig fellesnemnd. Prosjektleder er sekretær for nemnda og utreder saker,

Kyrkjeleg fellesnemnd si sak 2017-005 held fram
Prosjektleiing

- side 2 -

innkaller til møter i nemnda og sikrer dokumentasjon av prosessen og resultater. Prosjektleder utarbeider sluttrapport til fellesnemnda. Prosjektleder kan også gis mandat til å opprette eventuelle undergrupper/arbeidsgrupper. Under hele prosjektperioden er det kirkevergene som ivaretar den daglige driften og utøver arbeidsgiveransvaret i hvert enkelt fellesråd. Finansiering av prosjektleder: I søknaden til kommunene om finansiering av prosjektet bør lønn til prosjektleder inngå som hoveddel.
»

Både Os sokneråd og Fusa sokneråd er to små organisasjonar, sjølv om ein til saman vil utgjere om lag 30 tilsette. Truleg har ein om lag 200-300 frivillige medarbeidarar som gjer store og mindre oppgåver.

Tankar om korleis prosjektleiinga skal vere

Her er det viktig at ein kjem med innspel som gir grunnlag for storleik på prosjektleiarstillingen og for å utarbeide eit delegasjonsreglement for prosjektleiar.

- Korleis vil ein gjere det med prosjektleiing? Kombinert med kyrkjeverjestilling i Os? Kva ressursar har ein til prosjektleiar? Stillingsstorleik? Avlastningsressursar for kyrkjeverja medan vedkomande også er prosjektleiar?

- For å sikre ein funksjonsdyktig og effektiv forvaltning og leggje til rette for eit godt kyrkjelydsarbeid, og tenlege arbeidsformar - må fellesnemnda utarbeide eit godt delegeringsreglement – m.a. delegasjonsreglement til prosjektleiar
- Skilje prinsipielle og kurante saker, og definere dei. Fellesnemnda vedtek dei prinsipielle sakene, prosjektleiar dei kurante. Kva gjer ein ved tvilstilfelle? Kven avgjer inngåing av avtalar?

Det er viktig å ha med seg dei røynslene ein har gjort i det kommunale samarbeidet mellom Os og Fusa. Sjølv om Bjørnafjorden kommune vert ein stor organisasjon, vil gjerne likevel temaene i stor grad vere dei same. Den kommunale fellesnemnda si sak 18/2017 skisserer viktige punkt som ein kan dra nytte av i den kyrkjelege fellesnemnda.

Saka vert lagt fram for fellesnemnda for drøfting og føringar.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 25.10.2017

Sak: FØRING AV REKNESKAPEN FOR FELLESNEMNDA

Saksnr.: 2017/006

Ark.nr. 362

Sakshandsamar: HGS/GH

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Os sokneråd fører rekneskap for fellesnemnda sitt arbeid som avdelingsrekneskap under Os sokneråd sin rekneskap.

Os sokneråd sin meirkostnad ved ordninga vert dekkja av fellesnemnda.

Som revisor vert vald Deloitte AS, som reviderer Os sokneråd sin rekneskap.

Framlegg til vedtak vart lagt fram i møtet:

Os sokneråd fører rekneskap for fellesnemnda sitt arbeid som avdelingsrekneskap under Os sokneråd sin rekneskap.

Os sokneråd sin meirkostnad ved ordninga vert dekkja av fellesnemnda.

Fellesframlegg :

Som framlegget, men med følgjande tillegg:
Som revisor vert vald Deloitte AS, som reviderer Os sokneråd sin rekneskap.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Os sokneråd nyttar i dag Akasia i Bergen til rekneskapsføring.
Kyrkjeverje Gerhard Hansen i Os undersøker med Akasia kva kostnader det vert for fellesnemnda om dei fører rekneskap og følgjer same revisjon som Os sokneråd har i dag.

Kyrkjeleg fellesnemnd si sak 2017-006 held fram
Føring av rekneskapen for fellesnemnda

- side 2 -

Framlegg til vedtak vert lagt fram i forkant av møtet eller i møtet.

Følgjande tilleggsopplysningar vart lagt fram i møtet:

Rekneskapen kan førast som avdelingsrekneskap i Os sokneråd sin rekneskap.

Det kan da takast ut eigne rapportar for fellesnemnda sine inntekter og kostnader.

Formelt vert rekneskapen del av Os sokneråd sin rekneskap, men evt overskot vert sett til eige fond til fellesnemnda. Fellesnemnda vil og ha ansvar for inndekking av evt underskot.

Meirkostnad for arbeidet er ikkje konkretisert, men det er ganske små meirkostnader ved slik rekneskapsopplegg. Tilsvarande resonnement for revisjonsteneste.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 25.10.2017

Sak: VIKTIGE OPPGÅVER Å TA TAK I PÅ KORT SIKT OG LANG
SIKT FOR FELLESNEMNDA

Saksnr.: 2017/007

Ark.nr. 362

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Det må lagast ein framdriftsplan med tidsfristar der ein får oversikt over saker som skal løysast. Kyrkjevevjerjane saman med leiar i kyrkjeleg fellesnemnd må lage ei sak om dette til neste møte

Fellesframlegg til vedtak:

Det må lagast ein framdriftsplan med tidsfristar der ein får oversikt over saker som skal løysast. Kyrkjevevjerjane saman med leiar i kyrkjeleg fellesnemnd må lage ei sak om dette til neste møte.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

I felles soknerådsmøte den 5. oktober fekk fellesnemnda mandat til å arbeide på mange prinsipielle område – som er skissert i 13 kulepunkt. I realiteten har vi knappe to år på å gjennomføre denne prosessen. I dette møtet har ein vore innom fleire tema:

- Arbeidet med budsjettet 2017-2019 (kulepunkt 1)
- Fullmakt til å gjere avtale om rekneskap og revisjon (kulepunkt2)
- Fullmakt til å oppnemne partssamansett utval (kulepunkt 4)

Kyrkjeleg fellesnemnd si sak 2017-007 held fram
Viktige oppgåver å ta tak i på kort sikt og lang sikt

- side 2 -

Ein rår til at ein har ei drøfting på kva som er viktig å ta raskt tak i, og kva som kan vente noko i tid. Det bør i neste omgang vedtakast ein framdriftsplan og prosjektplan. Her må partssamansett utval få høve til å uttale seg.

Det er viktig å få med seg det som trengs å få avklara før samanslåing 1. desember 2019, men ein må også ha tankar for at det som ikkje må avklarast under prosessen kan takst stilling etter 1. januar 2020.

I rettleiaren for kyrkjeleg fellestråd og kommunesamanslåing utarbeidd av KA under kap 8.2.2 står følgjande om framdriftsplan og dei ulike fasene i prosjektet vedrørende samanslåing:

«

8.2.2 Fremdriftsplan – prosjektets ulike faser:

Med utgangspunkt i aktivitetsoversikten utarbeides det en fremdriftsplan hvor aktiviteten beskrives, en tidsfrist angis og ansvarlig settes opp. Selv om fasene her er oppgitt som avgrensede kan de overlappe og/eller gå inn i hverandre.

Rekkefølgen kan dermed til dels avvike fra hvilken nummerering de her har fått og må tilpasses hva som er mest hensiktsmessig lokalt. Det er også viktig å være obs på kommunenes

tidsplan, særlig når det gjelder budsjettarbeidet, ettersom det vil gi føringer for når forslag til budsjett for det nye fellesrådet må være klart. Alle momentene bør være tydelige i prosjektbeskrivelsen og i rapportering underveis og til slutt. Det bør opprettes et system for føring av avvik fra fremdriftsplanen.

Eksempler på faser kan være som følger:

Fase 1: Utforme prosjektbeskrivelse og framdriftsplan, utforme forslag til organisering av prosjektet, søke økonomiske midler fra kommunene/kommunenes fellesnemnd til gjennomføring av prosjektet, f.eks. gjennom midler til egen prosjektleder. Det kan også dreie seg om frikjøp av nemndsmedlemmer og/eller ansatte. Søknad om økonomiske midler bør skje så tidlig som mulig, og med henvisning til Kommunal- og moderniseringsdepartementets veileder for kommunene hvor det i punkt 4.4.9 står understreket at utgifter til sammenslåing av kirkelige fellesråd dekkes av departementets engangsstønad til kommunene.

Fase 2: Avklare mål og føringer, utarbeide informasjonsstrategi, revidere prosjektbeskrivelsen.

Fase 3: Kartlegge eksisterende virksomhet; Ansatte, stillinger og stillingsprosenter, rutiner, avtaler, IKT-løsninger og programvare, kontrakter, organisering, kultur, utstyr, lokaler, eiendommer. Hvilke føringer for framtidig virksomhet legger eksisterende virksomhet?

Fase 4: Etablere folkevalgt styringsstruktur, funksjonsbeskrivelser og reglement. Etablere administrativ lederstruktur og forslag til nyorganisering.

Fase 5: Forhandle frem, eventuelt inngå nye avtaler og kontrakter om nye, felles fagsystemer/programvare, arkivløsning, nye tjenesteytingsavtaler

med den nye kommunen (kommunenes fellesnemnd), eventuelt nye leiekontrakter mht kontorer m.m.

Fase 6: Arbeidsgivervirksomheten, herunder arbeidsmiljø, bemanningsplaner og arbeidsavtaler. Avslutning og bevaring av arkiv.

Fase 7: Planer (handlings-, års-, virksomhets-, budsjett- og økonomiplan). Obs – forslag til budsjett bør tidsmessig foreligge slik at det kan innpasses i kommunenes forslag til budsjett for den nye kommunen.

Fase 8: Avslutning og evaluering.

»

Saka vert lagt fram for drøfting, men ein rår til at det må fram til neste møte i fellesnemnda utarbeidast ein framdriftsplan for prosjektet sin fasar. Partssamansett utval må få saka til handsaming.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 25.10.2017

Sak: MØTEPLAN FOR KYRKJELEG FELLESNEMND 2017-2018

Saksnr.: 2017/008

Ark.nr. 362

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Neste møte i kyrkjeleg fellesnemnd vert måndag 11. desember ca kl.18.00.

Framlegg til vedtak:

Neste møte i kyrkjeleg fellesnemnd vert måndag 11. desember ca kl.18.00.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Då ein skulle fastsetje møte for fellesnemnda den 25. oktober, såg ein at det er vanskeleg å finne passende datoar. Ein meiner det er viktig å ha kontinuitet i møta fellesnemnda skal ha, og difor planleggje dei i god tid.

Tidspunkt for komande møte er noko avhengig av kva ein kjem fram til i dei aktuelle sakene i dette møtet. **Ein rår i utgangspunktet til å ha eit møte i månadsskifte november/desember.** Då bør ein landa på korleis prosjektleiinga/organiseringa skal vere, og delegasjonsreglement for prosjektleiaren. Andre saker som ein skal ta opp i førstkomande møte kan ein finne ut av i dette møtet og elles i samråd med leiaren av den kyrkjelege fellesnemnda.

Møtedatoar for 2018 må fastsetjast då den kommunale møteplanen for formannskap, kommunestyre, kommunal fellesnemnd m.v. er fastsett. Her får vi innspel frå dei kommunale representantane.

Det ligg ikkje føre framlegg til møtedato.